

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 31.07.2019

Vår ref.: 201903444-2

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Vegard Rønning Dahlen

22959396/verd@nve.no

Høyring av planar om å installere nytt aggregat i Joka kraftverk i Vik kommune i Sogn og Fjordane

NVE har motteke søknad frå Joka Kraft AS, datert 27.03.2019, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for å installere eit nytt aggregat i Joka kraftverk i Vik kommune, Sogn og Fjordane. Kopi av meldinga er vedlagt.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket medfører skade og ulempe av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt.

Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske forhold av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Oppramsingane er ikkje uttømmende.

Vi ber Fylkesmannen og fylkeskommunen om også å vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket i høve til si sektorlovgiving.

Vi ber høyringspartane å vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova § 8.

NVE føretrekk at fråsegn vert sendt elektronisk til nve@nve.no så snart som råd og seinast innan **13.09.2019**. I tillegg kan fråsegn sendast per post til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo. Fråsegn eller deler av fråsegn vil verte referert i eit endeleg vedtak.

NVE vil prøve å koordinere ei eventuell synfaring av området med Fylkesmannen. Kommunen og fylkeskommunen vil verte orientert om tidspunkt for synfaringa slik at dei kan ha anledning til å delta om ønskeleg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Vegard Rønning Dahlen
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Melding om installasjon av nytt aggregat m/vedlegg

Mottakerliste:

FYLKESMANNEN I VESTLAND
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Vik kommune

Kopi til:

Joka Kraft AS